

Revisjon av rekneskapen til Rogaland Ungdomslag for 2020

Me har i dag ettersett rekneskapen til Rogaland Ungdomslag for 2020.

Rekneskapane var greit ført, med gode bilag.

Rogaland Ungdomslag sin rekneskap:

Rekneskapsutskrifta hadde svært liten skrift som gjorde kontrollarbeidet ekstra vanskeleg.

Bilaga mangla bilagsnummer, som er henvisninga til rekneskapen.

Bilag 1: Differanse på kr. 0,50 mellom sum på bilaget og sum i rekneskapen, som vi ikkje fann att.

Bilag 5: Her er det ingen dokumentasjon på kva utbetalt forskudd på kr. 10 000,- er brukt til. Sjølv om det er antatt at beløpet er brukt slik det var tenkt, blir uoppgjort forskudd sett på som eit alvorleg avvik i ein rekneskap.

Bilag 8: Dette bilaget er ført som reiserekning, men vi meiner det er kjøp av rekvista.

Bunadsnemda i Rogaland Ungdomslag sin rekneskap:

Bilag 53: Her mangla det føring av kr. 50,- inn i banken, noko som gjekk igjen i berekna saldo i banken pr. 31.12.2020.


Bilag 73 og 74: For mykje innbetalt for salg, kr. 866,-, skulle vore ført som gjeld, og ikkje som inntekt. Dette må det korrigerast for i sluttresultatet.

Vår tilråding:


Summeringsfeil i oppsett balanse gjør at berekna resultat er for høgt. I tillegg har føringa av bilag 73 og 74 i rekneskapen til bunadsnemda påverka berekna resultat.

Etter at balanse er korrigert for nemde summar, meiner me at rekneskapen vil gje eit rett bilete av den økonomiske stoda for Rogaland Ungdomslag pr. 31.12.2020.

Sandnes 10.03.2021



Oddvin Emmerhoff



Magne O. Hope